

# MØTEBOK

| Kommune | Styre, råd, utval | Møtestad      | Møtedato | Frå kl. 19.00<br>Til kl. 21.30 |
|---------|-------------------|---------------|----------|--------------------------------|
| Aurland | fjellstyret       | Fjordsenteret | 7.6.22   |                                |

## TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Tor Olav Kvam, Leif Turlid.

**Vara-  
medlemar**

**Andre** Knut Fredrik Øi, Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

18/22, 19/22, 20/22, 21/22, 22/22, 23/22, 24/22, 25/22.

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.6.22

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 18/22. Referat og meldingar

Desse meldingssakene låg føre:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 26. april
- 2) 5. mai: Ferdigrappport bru Nordheimsdalen, v/Håkon Øydvin
- 3) 9. mai: Resultat av trekking av hjortejakta i Nordheimsdalen, jaktfelt 1
- 4) 18. mai: Brev frå NFS – Løyvt tilskot for 2022 til friluftstiltak for personar med innvandrarbakgrunn
- 5) 19. mai: Synfaring i Nordheimsdalen saman med Kristin A. Midtmageli frå Statskog SF
- 6) Fagdagar villreinrådet, Spidsbergseter 2.-3. juni
- 7) Utdeling av «Villreinen 2022»
- 8) Landsmøte i Norges fjellstyresamband 9.-10. juni
- 9) Harald orienterte om opplegg for gjetarordning i Stemmerdalen denne sesongen. Aron F. Gudmundsson har denne funksjonen i år.
- 10) Styremøte i villreinutvalet for Nordfjella skal haldast 14. juni.

### Sak 19/22. Opplegg for reinsjakta 2022 – samjaktavtalar, ordninga med dagskort

Saksutgreiing låg føre.

#### **Samrøystes vedtak:**

#### Samjaktavtalar:

Aurland fjellstyre går inn for å vidareføra samjaktavtalen mellom fjellstyra og private jaktfelt i sone 2 Nordfjella villreinområde, med måndag 29. august som startdato.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.6.22

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 19/22, framhald:*

Dagskort:

Aurland fjellstyre går inn for å vidareføra ordninga med dagskort på villreinjakt, og set av eit bukkeløyve til ordninga. Ordninga skal lysast ut på heimesida til fjellstyret med søknadsfrist 15. juli, trekninga blir føreteken administrativt på fjellstyrekontoret. Prisen er 500.- kr pr. dag + prisen på fellingsløyvet ved felling.

Jaktlag:

Aurland fjellstyre går inn for å vidareføra den fleksible ordninga med med jaktlag på statsalmenningen som me har nytta dei siste åra, med denne teksten:

*Medlemene i jaktlaget kan nytta korta til kvarandre. På grunn av den spesielle situasjonen med skrantesjuka i Nordfjella, lempar Aurland fjellstyre på restriksjonane på jaktlag og overdraging av fellingsløyve.*

*Aurland fjellstyre tillet at jegerar som har fått fellingsløyve på villrein kan organisera seg i jaktlag på inntil 5 personar. Aurland fjellstyre tillet og at inntil 3 jegerar organiserer seg i jaktlag når minst ein av jegerane har fått fellingsløyve. Fellingsløyva skal berast med i fjellet av den som er ansvarleg den dagen.*

*Det er og høve til å overdra fellingsløyve vederlagsfritt direkte frå jeger til jeger etter godkjenning av fjellstyret. Kvar einskild fjellstyremedlem og oppsynet til fjellstyre får fullmakt til å godkjenna slik overdraging.*

Aurland fjellstyre går og inn for at ein søker Miljødirektoratet om ny dispensasjon frå forskrift om jakt, felling, fangst og fiske til neste år.

Bruken av fellingsløyva på Broksfjell:

Aurland fjellstyre går inn for å halda att halvparten av fellingsløyva på Broksfjell HA 28, med atterhald om at dei andre jaktfelte gjer det same.

Sak 20/22. Trekking av fellingsløyva for villrein

Saksutgreiing låg føre.

**Handsaming i møtet:**

Trekkinga vart gjort i samsvar med prosedyren som var skissert i saksutgreiinga.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.6.22

Stad: Fjordsenteret

---

Sak 21/22. Småviltjakta 2022 – jakttid, tal jaktkort, dagskvote m.m.

Saksutgreiing låg føre.

### Samrøystes vedtak:

- Jakttida for jakt på rype og hare i Aurland statsallmenning for jaktåret 2022/2023 vert 25.9. – 23.12. Jakt på hare kan i tillegg føregå i tida 1.1. - 28.2. For andre artar, som rev, ramn, mår, røyskatt m.fl. gjeld jakttidene som er fastsette av staten.
- Dagskvoten vert fastsett til 2 ryper per jeger (gjeld for kvar kalenderdato, kan ikkje flytta «ubrukt» kvote frå ein dag til neste, eller mellom jegerar).
- Talet på kort som vert lagde ut for sal til utanbygdsbuande jegerar gjennom Inatur.no med salsopning 1. september kl. 12.00 vert sett til 75, fordelt slik:
  - 20 dagskort
  - 20 todagarskort
  - 15 tredagarskort
  - 10 vekekort
  - 10 sesongkort
  - I tillegg vert det lagt ut 10 dagskort på Inatur med salsopning 1. oktober.

I tillegg til tala ovanfor, kjem sal av jaktkort til innanbygdsbuande jegerar gjennom fjellstyrekontoret. Fjellstyret kan, om naudsynt, gjera ei ny vurdering i august av kor mange jaktkort som skal seljast.

Sak 22/22. Plan for fiskeutsetjinga i statsallmenningen i 2022

Saksutgreiing med framlegg til utsetjingsplan låg føre.

### Samrøystes vedtak:

Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning sommaren 2022 vert gjennomført i samsvar med plan som ligg ved saka. I tillegg kjem 400 setjefisk til Paulvotni. Det vert tinga 6400 setjefisk frå Aurland Setjefisk SA.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 7.6.22

Stad: Fjordsenteret

---

Sak 23/22. Rekruttering av nye garnfiskarar

### **Samrøystes vedtak:**

- Aurland fjellstyre tilbyr gratis garn-, stong- og oterfiske for innanbyggsbuande ungdom frå fylte 16 år til og med det året dei fyller 20 år.
- Aurland fjellstyre løyver 5000 kr til premie i ein konkurranse om å laga den beste videoen av ungdom som fisker med garn i Aurland statsallmenning. Kåringa vert gjort på fjellstyremøtet i november, og filmen vert brukt i vidare marknadsføring.

Sak 24/22. Søknad frå to utanbygds fiskelag om dispensasjon frå fiskereglane for statsallmenningen

Saksutgreiing låg føre, saman med søknader frå to fiskelag.

### **Handsaming i møtet:**

Eitt av fiskelaga som hadde søkt oppfylte i 2021 ikkje vilkåret i inngått avtale om å fordela fisket på fleire vatn. Fjellstyret ynskjer difor ikkje å gje dette fiskelaget tilgang til fiske med garn i Nyhellermagasinet i år, men kan gje løyve til fiske med garn i Langavatnet/Adamsvatnet.

### **Samrøystes vedtak:**

Fiskelaget til Lars Nødtvedt og Ronald Herfindal får dispensasjon frå fiskereglane i Aurland statsallmenning til å fiska med inntil 10 garn i Langavatnet/ Adamsvatnet sesongen 2022.

Fiskelaget til Jan Eira m.fl får innvilga søknaden sin om dispensasjon frå fiskereglane.

Sak 25/22. Søknad frå Aurland skyttarlag om gåvepremie til samlagsstemne i baneskyting

Saksutgreiing vedlagt søknad låg føre.

### **Samrøystes vedtak:**

Fjellstyret løyver kr 2000 til Aurland skyttarlag som bidrag til gåvepremie til jubileumsstemne.

---

Aurland, den 7.6.22

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og  
-varamedlemene.